

Det heilage fjellet



Eventyrkongen



Foto Svein Straumsnes. Illustrasjon Louis Moe; trykket med løyve frå Milka Broberg.


LOUIS MOE frå Arendal er blitt kalla Danmarks svar på Walt Disney. Han fann inspirasjon i vrådalsnaturen og det rike dyrelivet der. Mest kjend er han som illustratør av barnebøker, og han teikna ofte dyr med klede på. Han innførte òg norske troll og uhyre i forteljarverda til H. C. Andersen.

I 1896 bygde Louis Moe Juvlandsæter i Vrådalen. I over 40 somrar trona han her som ein eventyrkonge med fyldig, kvitt skjegg og utsikt over sju blånar, stille vatn og øylandskap. Han gav òg inspirasjon til teikneserieskaparen Solveig Muren Sanden frå Vrådalen. Ho gav liv til figurane i barneblada Smørbutikk og Tuss og Troll. For begge har naturen og menneska i bygda vore viktige inspirasjonskjelder. I Vrådalen finst det to små galleri der du kan sjå kunstverka som dei to illustratørane har skapt.

Kjelde: <http://www.ringstrom-antikvariat.no/forlagsartikler/1315langtanglangtortiskoge.shtml>



www.vandretelemark.no www.vraadalen.com

Ansvarleg utgivar er VTNU AS og Kviteseid kommune med støtte frå  TELEMAR FYLKESKOMMUNE

Layout: Nina Akerstveit / Trykk: Erik Tanché Nilsen as

12 KM TUR/RETUR / 6 TIMAR
MIDDELS KREVJANDE TUR →



Vrådalen – Telemark

TURMÅL **Hægefjell**

TEMA **Topptur**



Foto Svein Straumsnes

KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

MYRULL: Myrull er vanleg på fuktige område. Ho er lett å kjenne att på den mjuke, ullaktige blomen.

Foto: Hamish Moore

KARTLAV: Visste du at lav er ein sopp og ein alge som er sambuarar?

Foto: Hamish Moore

LIRYPE (*lagopus lagopus*): Har du høyrd lirypesteggen syngje? *Go-back go-back.*

Foto: Hamish Moore

GREPLYNG (*Loiseleuria procumbens*): Mikroskopisk tre som lever der få andre artar klarer seg.

Foto: Hamish Moore



Om turen


MIDDELS KREVJANDE TUR med flott panoramautsikt over Vrådal og vassdraga Nisser og Vråvatn. Turen er flott enten du ønsker å gå heile eller berre delar av vegen. Frå Stemnetten og innover fjellet har du heile vegen vidt utsyn i alle himmelretningar. Du går for det meste på fjell, men det finst nokre fuktige parti. Hugs godt fottøy og vindjakke!

DU KAN STARTE ved Vrådal Skisenter og ta turen opp til Tverrfjellet, enten med gondolbane eller til fots. Du kan òg starte ved Stemnetten. Kjør bomvegen (med betalingskasse) til toppen av fjellet. Der går turvegen, merkt med raudt, forbi Luktarhola, Sveigefjell, Brennstøynuten og Hægefjellscardet og opp til toppen av Hægefjell. Frå Hægefjell går du same stien tilbake til utgangspunktet. Det er òg mogleg å ta turen vidare ned til Nissedal og Fjone.

Køreforklaring



Start i Vrådal sentrum. Følg rv 38 frå Vrådal sentrum mot Dalen i ca. 3,5 km.



Ta av til venstre mot Osen og Vrådal panorama. Følg skiltinga i ca. 1,3 km.



Ta av til høgre mot Vrådal Skisenter og held til venstre mot betalingsbommen.



Køyr gjennom betalingsbommen og følg vegen til topps.



Tilrettelagd parkeringsplass på toppen av fjellet. (GPS: N59°17.195' E008° 24.957')

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs. Ta omsyn til naturen og beitande dyr. Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!



Kart:
Vrådal 1 : 30 000
Fyresdal Aust 1 : 50 000

NB: Hugs drikke, godt fottøy og vindjakke!



Tilgang:
mai til oktober
1021 moh




Foto: Hamish Moore